



Møtereferat

Møtedat/-tid	10.03.2026 kl 14.00
Møtested	Konferanserommet Finnøy skule
Deltakarar	Agata Klawikowska, foreldrerepresentant Jan Tore Handeland, foreldrerepresentant Renathe Ekehaug, foreldrerepresentant Hilde Kavli, representant for undervisningspersonell Gro Marit Messmer Larsen, representant for undervisningspersonell Bitten Samuelsen, representant for andre tilsette Håkon Eiane Setvik, elevrepresentant for barnetrinnet Ida Spanne Fausk, elevrepresentant for ungdomstrinnet Karen Olsen, elevrepresentant for ungdomstrinnet Bente Tjelta, rektor Forfall: Renathe Ekehaug

Referat frå SU møte 25. november 2025

Saksnr	Sak	Ansvar
Sak 14 25/26	Godkjenning av møteinnkalling Vedtak: Møteinnkallinga blei godkjent	Rektor
Sak 15 25/25	Orienteringssaker Elevrådet: <ul style="list-style-type: none">● Fotballturnering på u. trinn.● Ønsker fotballturnering på mellomtrinnet FAU: <ul style="list-style-type: none">● jobber for å laga eit opplegg på foreldremøte med klasse miljø som tema● Påskelunsj i veka før påske Skule: <ul style="list-style-type: none">● Budsjett og rekneskap● Varslingsanlegg● Utviklingstema: Tilpassa opplæring Skulen har starta eit utviklingsarbeid med temaet: Tilpassa opplæring. Denne våren har me fokus på	Elevråd Foreldre Rektor



	<p>praktisk og variert undervisning; programmering, FAL, skulehage mm. Me har søkt om å ha eit partnerskapsamarbeid med UiS frå neste skuleår</p>	
Sak 16 25/26	<p>Resultat frå elevundersøkinga</p> <p>I november gjennomførte skulen elevundersøkinga for 5.-10. trinn. Tal frå undersøkinga blir lagt fram på møtet.</p> <p>Tala frå elevundersøkinga er forholdsvis ganske jamne dei tre siste åra. Me ser at elevane melder om god støtte frå heimen og ganske god støtte frå lærarane. Trivselen til elevane er høgare enn motivasjonen. Tala på motivasjon er noko lågare enn åra før, medan trivsel stort sett er noko høgare. Me har dei tre siste åra satsa på vurdering for læring, men tala på elevundersøkinga viser ganske like tal dei siste åra.</p> <p>Tala på mobbing ligg jamt med resten av landet, med unntak av 7. trinn som rapporterer om lite mobbing. Me ligg noko over landssnittet på 4 trinn, noko som viser at me treng å jobbe vidare med problematikken. Det er bra å sjå at me ikkje har dei høge toppane på nærmare 20% og over som me har hatt tidlegare år.</p> <p>Vedtak: SU tok resultat frå elevundersøkinga til orientering</p>	Rektor
Sak 17 25/26	<p>Omstilling i skulesektoren og innsparingstiltak</p> <p>Rektor vil orientera om situasjonen rundt omstilling i skulesektoren, innsparingar og mål om å koma i balanse med budsjett. Me har om lag 2,5 stillingar som blir overtallige og får tilbod om jobb på ein andre skular, i tillegg vil det blir reduksjon på stillingar grunna naturleg avgang. Elevtalet har gått ned med om lag 30 elevar berre det siste året. Skulen må sjå på andre måtar å organisera seg på for å koma i balanse med budsjett.</p> <p>Vedtak: SU tok rektor sin informasjonen til orientering</p>	Rektor
Sak 18 25/26	<p>Ny plan for overgang 7.-8. trinn I mange år var KOM-prosjektet i Finnøy kommune eit viktig prosjekt for overgangen frå 7. til 8. trinn. Alle 7. trinns elevane i kommunen sette opp ein musikal i lag. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Finnøy musikk- og kulturskule, der Finnøy musikk- og kulturskule organiserte store deler av prosjektet og hadde bl. anna med seg studentar frå høgskulen Stord/Haugesund. Då me blei ein del av</p>	Rektor



	<p>Stavanger kommune falt dette samarbeidet vekk og me kunne ikkje organisera KOM-prosjektet som før.</p> <p>Me har klart å halda liv i dette nokre år, men nå ser me at det er på tide å Side 3 av 3 tenkje annleis. Me vil framleis ha fokus på god overgang frå 7. til 8. trinn, og me trur at ei anna organisering kan vere like bra for å jobbe med inkludering og tryggleik. No vil me ha samlingar der alle elevane er med på same aktivitet, blir delt inn i grupper som kan variere og kan på den måten bli betre kjent med fleire elevar.</p> <p>Det er kjekt med ei framsyning, så det skal elevane få gjennomføra, men på kvar sin skule. På Finnøy skule vil me laga ei framsyning som blir vist for foreldra på eit arrangement som blir som ei avslutting av tida på barneskulen.</p> <p>FAU melder at foreldre synest det er dumt at KOM prosjektet forsvinn.</p> <p>Vedtak: SU tok planen til orientering</p>	
Sak 19 25/26	<p>Regel om mobilfri skule</p> <p>FAU ynskjer at SU skal diskutera skulen sin praksis i høve mobilbruk på skulen.</p> <p>På Finnøy skule har SU vedteke at skulen skal vere mobilfri frå 1.-10. trinn. Me som jobbar på skulen har ei forventning om at elevane ikkje har med seg mobilen og vil helst ikkje samla dei inn. Me ser at elevane på ungdomstrinnet ikkje klarer å leggja i frå seg mobilen heime, men me tek den inn om me ser at dei brukar den i skuletida. På barnetrinnet ønsker me at elevane ikkje har med seg mobilen. Dei har ikkje behov for å ha den på skulen</p> <p>Saka blir tatt opp til diskusjon FAU ønsker at det er same rutinar i forhold til å samle inn mobilen eller ikkje og informasjonen ut til foreldra.</p> <p>Vedtak: Rektor tek saka vidare til personalgruppa for å samkøyre reglane og rutinane for bruk og innsamling av mobiltelefon</p>	FAU
Sak 20 25/26	<p>Arrangement på dagtid</p> <p>FAU ynskjer ein samtale rundt foreldrearrangement på</p>	FAU



	<p>dagtid.</p> <p>På Finnøy skule har me to aksjonsdagar på dagtid, ein for 1.-4. trinn og ein for 5.-10. trinn. Skulen ynskjer at familie, venner og naboar kjem på desse arrangementa. Det kostar ganske mykje å ha eit så stor arrangement på kveldstid, med kveldslønn og overtid.</p> <p>Saka blir tatt opp til diskusjon og me landa på at ein ønskjer aksjonsdag og at det blir på dagtid. Aksjonsdag på kveldstid ville blitt eit mykje mindre og enklare arrangement</p>	
Sak 21 25/26	<p>Kort dag på fredagar i staden for onsdagar</p> <p>Mellomtrinnet på Finnøy skule har kort dag på fredagar. Då sluttar dei 12.24. Alle andre dagar sluttar dei 14.25 Det har tidlegare kome innspel frå elevar i elevrådet om mellomtrinnet heller kunne ha kort dag på fredagar.</p> <p>SU tek saka til diskusjon. SU landa ikkje på kva som er best. Det er både ulemper og fordeler med kort dag på fredagar.</p> <p>SU sender det over til elevrådet.</p> <p>Anmerkning frå referent: Me har ikkje tatt saka vidare. Det begynte å bli knapt med tid sidan dette bør få god diskusjon i klassane før ein tek det i elevråd. Me vil å ta saka opp til hausten</p>	
Sak 22 25/26	<p>Saker frå FAU</p> <ul style="list-style-type: none">• FAU saknar meir informasjon frå leiinga• Referat frå SU og FAU på minskole• Informasjon om omstilling o.l.• Det er ikkje blitt sendt ut brev om taushetsplikt til SU og FAU	